

Referat frå møte i FAU onsdag 07.12.22, kl. 18.30-20.00

Styret møtte kl. 18

Stad: personalkantina

Alle klassane var representerte

Innleiing: kort oppsummering frå førre møte. Dette har vi fått svar på sidan sist:

- skuleskyss: var etterlyst info om ordninga: det ligg info på heimesida til kommunen.
- ønske frå 10. klasse å gå til Coop i friminutta: dette blir ikkje innført, har vore diskutert også i SU, elevane vil heller ilag med lærar prøve å forbetre tilbodet i kantina og ev. ha noko meir freistande å tilby dersom elevar har gløymt maten.

Sak 1:

Orientering frå møte med SFO-leiinga v/ Monika

Tema var skjermtid på SFO. Det har vore stilt spørsmål til kor mykje skjerm dei brukar på SFO, og om det dei har sett på er greitt å syne for barna. SFO-leiinga seier at dei ser på Supernytt i overgangen mellom skule og SFO, då det skapar ei ro når dei vaksne skal finne ut kven som skal vere igjen, kven som skal ta buss og få oversikt over alle ungane. Somme gongar har dei filmdag, der dei ser på film og et popkorn.

Bekymringsmeldinga frå tidlegare i haust kom også opp. Vedkommande det har vore snakk om, har ikkje vore observert på skulen sitt område sidan i sommar. Dei gongane vedkommande har blitt observert elles, har han hatt med seg nokon.

Nokre foreldre har reagert på fordeling av personalet på SFO. Personalet har ein plan på dette.

No lagar SFO årsplan i staden for planar over kortare tidsspenn, for at alle skal få betre oversikt over kva som er på agendaen, og kva aktivitetar som har blitt gjort. Det blir også lagt vekeplanar på Facebook-gruppa, i tillegg til mange bilete. Foreldra blir oppmoda til å følgje denne gruppa, då det er mykje god informasjon. Klassekontaktane på 1-4 kan informerer/minne om denne sida på sine klassegrupper.

SFO-tilsette kjenner at det er litt negativt fokus på dei. Foreldre snakkar seg i mellom i staden for å ta det opp saker direkte med dei tilsette. Dei vil gjerne ha tilbakemeldingar, både ris og ros. Ta kontakt med ein gong. Dersom ein sjølv ikkje ønsker å ta kontakt, kan ein bruke klassekontaktane.

Sak 2:

Orientering om helsesjukepleiar dekning på skulen, lågterskeltilbodet.

FAU har vore i kontakt med skulehelsetenesta. Dei konstaterer at det har vore utfordringar med bemanning over tid av ulike grunnar, t.d. sjukemeldingar over tid. Dei har forståing for at foreldra er urolege og ser behovet vårt. Dei seier også at det er mange kjekke elevar på Naustdal skule, og at det er kjekt å vere der.

No har det vore 60% ressurs på Naustdal skule, og det er plan om opptopping kort tid over nyttår. Kabalen er nesten klar. Det har vore vanskeleg med vikarar, då det er ein fordel at dei som kjem inn kjenner både skulen og ungane. Skal vere trygt. Dei minste barna (0-5) har vore prioriterte no når det har vore mangel på folk.

Helsesjukepleiarane har kontaktinformasjon på døra si, og i klasserom, om når dei er på skulen. Det har ikkje vore problem å ta unna «drop-in»-saker.

Skulehelsetenesta har lovpålagte oppgåver som dei skal gjere, som til dømes vaksinerings. I tillegg er det oppgåver dei bør og kan gjere. Dei lovpålagte oppgåvene har vore prioriterte. På heimesida til kommunen ligg det ei oversikt over kva oppgåver dei deltek på for dei ulike klassetrinna frå 1.-10. trinn. Det er ulike undervisningsopplegg og vaksinerings. I tillegg er dei med i ressursteam og tverrfaglege team og har kontakt med lærarar og foreldre.

Det er ulikt kva som rører seg på dei ulike trinna. For 1.- 4. trinn, er det i hovudsak føresette som tek kontakt. Det handlar ofte om at det er uro rundt «lukka barn», samspel med andre elevar, sinne og sinnemeistring og sosiale reglar. På 5.-7.trinn er det ofte saker om klassemiljø og det sosiale og litt angst. Det er snakk om «klikkar» og «gjengar» og inkludering. For 8.-10. trinn er det klassedynamikk, endring av gjengar, endringar, angst og litt mat/eteforstyrning som er tema. For 1.-7 trinn er det ofte vaksne som først tek kontakt. Her blir foreldra involverte. Ungdomstrinnet kjem ofte sjølv. Foreldre blir involverte ved behov.

Skulehelsetenesta presiserer at dersom det er alvorleg bekymring for eit barn: ta kontakt med fastlege!

Sak 3:

Helseveka, nytt i planlegginga?

Det har ikkje komme noko nytt enda. I møtet hadde vi kort idémyldring om kva som kan vere tema for eit felles arrangement, som også passar med temaet «på tvers av generasjonar». Vi kom fram til at *einsemd* er aktuell tematikk, og lufta tankar om aktuelle føredragshaldarar.

Sak 4:

Heim-skule samarbeidet

Spørsmål: Tilbakemeldingar på ungdomstrinnet – er det ein plan frå skulen på korleis ein skal gjere dette? Somme opplever at det er eit ikkje-eksisterande skule-heim-samarbeid, og at dei ikkje får noko orientering om korleis barna ligg an fagleg. Dei lurar på om det er medvite at ein ikkje skal gi informasjon om faga til føresette? Får ikkje tilbakemelding på om det er noko om dei skal få hjelp til eller ikkje. Dette blir teke vidare til leiing.

Arrangement for foreldra: Når det er snakk om å arrangere noko felles møte, der det blir henta inn eksterne aktørar, så er det viktig at folk stiller. Det har vore svært dårleg oppmøte på nokre arrangement som har vore tidlegare, seinast arrangementet for 6. klasse denne veka. Det var ein fjerdedel av dei føresette som møtte, det er for dårleg.

FAU reflekterte rundt korleis ein kan prøve å få betre oppmøte, og kom fram til desse punkta:

- Aktiv avmelding. Alle er i utgangspunktet påmeldt, men må gi beskjed om dei ikkje kan.
- Tidspunkt – kanskje ikkje desember månad.
- Beskjed i god tid, slik at ein får det inn i kalenderen og kan planlegge betre
- Påminning

Sosiale aktivitetar.

Det har vore mange felles bursdagar for dei yngste, fleire har hatt spelekveld, og det har vore Halloween-arrangement. Det er også positivt at ungdomsklubben har mange fine aktivitetar. Positivt når det er dagar der det berre er eitt trinn som får vere der. Kjekt med LAN-arrangement, sjølv om det var elevstyrt – positivt at det skjer noko.

Sak 5:

Orientering frå SMU møte info frå skuledrifta:

Frå nyttår vil 5 elevar frå Sunnfjord få tilbod om alternativ læringsarena i samarbeid med Førde vgs. Dette er eit prøveprosjekt for elevar som står i fare for å falle ut av skulen. PPT og rettleiingstenesta er involverte i arbeidet med etableringa. Desse elevane vil få ulike «smakebitar» frå programområde i vgs to dagar i veka (truleg måndag og tysdag) våren 2023. Dette er eit spanande prøveprosjekt, og vi håpar å få med to av våre elevar i prosjektet.

Det er vanskeleg å få tak i vikarar for både lærarar og for assistentar/ miljøarbeidarar. Dette gjer det sårbart når tilsette har fråvær (eigen sjukdom, barns sjukdom, permisjonar m.m.).

"Kampanje" - trygge friminutt

Leiarmøte har drøfta tiltak for å førebyggje uheldige hendingar og å skape enno tryggare friminutt og overgangar frå ulike aktivitetar i skulen. I dei fleste sakane vi har pågåande (§9A-saker og andre hendingar) kjem det fram av det skjer ting når vaksne ikkje er til stades eller er opptekne eller har fokus ein annan veg. Hovudstegleiarane kom med ideen å sette i gang ei "kampanje" med følgjande aksjonspunkt til oss tilsette (rundt inspeksjonsplan og evt avtalar gjort på hovudsteg for oppstart av dagen):

- Ver presis på plass (der du står på inspeksjonsplanen og etter avtalar på team/hovudsteg)
- Bruk gul vest (unntak er dei som har vakt på elev som ikkje kan dele vakta)
- Bruk moglegheita til å byggje relasjon til alle elevar du møter - bli kjent med elevar du ikkje har i dine klassar/grupper
- Løft blikket - sjå til andre område
- Ver ein trygg vaksen som har fokus på elevane og aktivitetane dei er i

Elles er skulen i gang med planlegging av behov for stillingar/kompetanse for neste skuleår. Vi har særleg hatt utfordringar med å rekruttere lærarar med kompetanse i språkfag (særleg på ungdomsskulen). Dei fire nyutdanna som byrja ved skulen i haust har funne seg til rette og gir signal om at dei kan tenke seg å bli verande på skulen.

Sak 6:

Saker som kjem til

1.trinn: SFO og skjermtid. Det har vore meir skjerm no i førjulstida, då dei ser ulike julekalendarar. Dette har gått ut over tid i hallen.

Det er ønske om meir tid i hallen på dei kalde dagane. Kva retningslinjer gjeld når det er så kaldt og kor lenge dei er ute? Kan det vere eit alternativ på dei kaldaste dagane å vere i hallen? Dette blir tatt vidare til SFO-leiinga.

Svar frå tilsett som jobbar på SFO: Kan ikkje gå i hallen før kl. 08.00, og må rydde opp 8.30. Kan ikkje «bruke opp» hallen. No synest ungane det er veldig kjekt, men det kan endre seg om det blir for mykje. Dei er der to morgonar i veka no, og av og til elles.

Dersom ungane er veldig kalde, går dei inn. Elles har det vore ein del sjukdom og fråvær, og det har vore utfordrande å ha planlagde aktivitetar grunna dette.

Neste FAU-møte: 25. januar kl. 18.30-20.00.

Referent:

Tonje Løddøen Hove